

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for næring og kultur</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Sogn og Fjordane Kunstmuseum</b>
<b>Møtedato</b>	<b>02.02.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 16:15</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar (permisjon under sak 15, 16, 18, 19 og 20/16)**  
**Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Erlend Haugen Herstad, Sp**  
**Torbjørn Vereide, Ap (permisjon under sak 18/16)**  
**Anne Lilleaasen, H**  
**Marita Gunn Aarvik, Frp**  
**Jon Olav Kvamme, KrF**

**Forfall til møtet:**

**Hilmar Høl, Ap**

**Varamedlemer til stades:**

**Arve Mjømen, H**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesdirektør Jan Heggheim**  
**Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad**

**Sekretariat for møtet:**

**Helga Bjørkhaug**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 24.11.16 vart godkjend utan merknader.

Orienteringar:

Hellenes AS ved Agnar Hellenes og Anders Haugen  
Sfiinx ved Ingunn Kjelstad

Musea i Sogn og Fjordane v/styreleiar Harry Mowatt og direktør Inge Bent Arnestad

Næringsavdelinga ved Endre Høgalmen om Etablerarkurs 2016

**SAK 1/16            Strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016 - 2019**

**VEDTAK:**

Strategi for UKM Sogn og Fjordane 2016 – 2019 vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg 1.

-----

**SAK 2/16            Søknad frå Nærøyfjorden Verdsarvpark om tilskot til  
prosjektet Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning  
og lokalsamfunnsutvikling**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Nærøyfjorden Verdsarvpark får ei løyving på kr 100 000 til gjennomføring av prosjektet Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling, jf vedlegg 1.
2. Løyvinga vert finansiert av disponible midlar frå Statsbudsjettet kap. 1428 post 72.9 verdsarv.

**Endringsframlegg:**

Aleksander Øren Heen, Senterpartiet sette fram slikt framlegg til eit punkt 3:  
Hovudutvalet ber om at administrasjonen utarbeider ei sak om finansiering av Nærøyfjorden Verdsarvpark.

**Avrøysting:**

Framlegg frå Aleksander Øren Heen til punkt 3 vart samrøystes vedteke.  
Punkt 1-3 vart deretter samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Nærøyfjorden Verdsarvpark får ei løyving på kr 100 000 til gjennomføring av prosjektet Berekraftig og bruksretta besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling, jf vedlegg 1.
  2. Løyvinga vert finansiert av disponible midlar frå Statsbudsjettet kap. 1428 post 72.9 verdsarv.
  3. Hovudutvalet ber om at administrasjonen utarbeider ei sak om finansiering av Nærøyfjorden Verdsarvpark
- 

**SAK 3/16            Prioriteringar for tildeling av kulturmidlar 2016**

**VEDTAK:**

1. Avsette tilskotsmidlar på kr 4 214 000 for 2016 vert fordelt slik:

- Til fordeling på fylkesdekkande kulturorganisasjonar; 1 800 000 kr
- Til festivalar, scenekunstarrangement, o.l.; 800 000 kr
- Til kulturarrangement/tiltak av fylkesdekkande karakter; 300 000 kr
- Oppfølging av avtaler, samarbeidstiltak, m.m.; 1 100 000 kr
- Til stipend, prisar, m.m.; 200 000 kr

2. Avsette midlar på kr 1 075 000 til utviklingarbeid innan kultur vert disponert til større og nyskapande kulturtiltak og som eigenandel i fylkeskommunen si satsing på utviklingsavtaler.

3. Fylkesrådmannen får delegert fullmakt til å vidarefordele dei fylkeskommunale midlane på enkeltsøknader og tiltak i tråd med føremålet. Endeleg tildeling vert rapportert til hovudutval for næring og kultur.

4. Fylkesdirektøren vert beden om å gå gjennom tilskotsordningane for fylkeskommunale kulturmidlar, og komme tilbake til hovudutvalet med ei sak om justeringar/endingar av desse med tanke på å målrette og spisse fylkeskommunen sine økonomiske verkemiddel innan kultur.

-----

**SAK 4/16      Handlingsprogram 2016 - Kulturstrategi 2015 - 2018**

**VEDTAK:**

Handlingsprogram 2016 kulturstrategi vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.

-----

**SAK 5/16      Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2016**

**VEDTAK:**

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 04.12.15 om prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2016 til vitande.
  2. Fylkeskommunen er samd med Riksantikvaren i at framtidig ansvars- og oppgåvedeling innafor kulturminneforvaltinga må vurderast ut frå dei føringane som vert lagt i ny stortingsmelding om regional forvalting.
- 

**SAK 6/16      Klagesak INU-FSF 2015 - Flora Skogeigarlag - Prosjekt: Eikefjord tømmerkai**

**VEDTAK:**

1. Flora Skogeigarlag får avslag på klagen

\*\*\*\*\*

Karen Marie Hjelvesæter stilte spørsmål om mogleg ugildskap. Hovudutvalet vedtok samrøystes Karen Marie Hjelvesæter som ugild under handsaming i saka.

-----

**SAK 7/16 Klagesak - INU- FSF midlar sett av til reiseliv 2015**

**VEDTAK:**

1. Klaga frå Jostedalen Breførarlag AS over fylkesdirektør for næring sitt vedtak vert ikkje teke til følgje. Saka vert oversendt til klagenemnda.

\*\*\*\*\*

Karen Marie Hjelvesæter stilte spørsmål om mogleg ugildskap. Hovudutvalet vedtok samrøystes Karen Marie Hjelvesæter som ugild under handsaming i saka.

Aleksander Øren Heen, Sp gjorde vidare framlegg om å ta saka opp igjen til ny vurdering ettersom Hjelvesæter likevel vart vurdert som gild. Saka vart deretter samrøystes vedteken.

-----

**SAK 8/16 Budsjett 2016 næring - fullmakter næringsutvikling**

**VEDTAK:**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å:

- Disponere inntil kr. 2 550 000 av midlar avsett til nyskaping/kommuneretta næringsutvikling i budsjett 2016
- Disponere inntil kr. 400 000 av midlar avsett til satsinga på kunnskap i budsjett 2016
- Disponere inntil kr. 640 000 av midlar avsett til kommunikasjonsteknologi i budsjett 2016
- Følgje opp grunnløyvinga til Vestlandsforskning og skrive tilskotsbrev
- Følgje opp løyvinga til VRI 3 og skrive tilskotsbrev
- Disponere inntil kr. 1 000 000 av midlar avsett til Fjord Norge, i påvente av ny avtale mellom Fjord Norge og fylkeskommunane.
- Følgje opp ny avtale med destinasjonsselskapa for åra 2016 og 2017 (avtale i eiga sak)
- Nytte administrative midlar på inntil kr. 200 000 avsett til oppfølging av reiselivsplanen
- Nytte restmidlar frå INU-FSF til reiseliv i tråd med handlingsplanen for reiselivsarbeidet
- Disponere inntil kr. 950 000 avsett til sjømatnæringar i budsjett 2016
- Disponere restmidlar avsett til AHA! i budsjett 2015.
- Disponere inntil kr. 100 000 i samband med forum til energi i Sogn og Fjordane, av midlar avsett til energisatsing i budsjett 2016.
- Disponere inntil kr. 200 000 av midlar avsett til industri, midlane vil verta nytta til oppfølging av industristrategien

2. Fylkesdirektøren for næring rapporterer på fullmaktene gjennom rapportering i verdiskapingsplanen eller gjennom årleg rapportering til hovudutval for næring og kultur.
-

**SAK 9/16      Avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og destinasjonselskapa**

**Frå fylkesdirektøren for næring låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Avtala mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og destinasjonsselskapa vert godkjend

**Endringsframlegg:**

Høgre og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til eit tillegg i punkt 1:  
....med ei oppmoding om nærare samarbeid mellom selskapa.

**Avrøysting:**

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå fylkesdirektøren og endringsframlegg frå H og Frp. Tilråding frå fylkesdirektøren fekk 6 røyster og vart dermed vedteke. H og Frp røysta for endringsframlegget som fall.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Avtala mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og destinasjonsselskapa vert godkjend

-----

**SAK 10/16      Føringer for verkemiddelbruk Innovasjon Norge 2016 - Oppdragsbrev Innovasjon Norge Sogn og Fjordane 2016**

**VEDTAK:**

1. Hovudutval for næring og kultur godkjenner tilsegnsbrev og føringer 2016 – oppdragsbrev til Innovasjon Norge slik det ligg føre i vedlegg 1.
  2. Hovudutval for næring og kultur godkjenner retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker 2016 slik dei går fram av vedlegg 2.
- 

**SAK 11/16      Omstillingsstatus og omstillingsløyvingar 2016**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Askvoll** kommune ei løyving på inntil 1 800 000 kr til omstillingsarbeidet i 2016. Unyttta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2016. I omstillingsperioden skal kommunalt næringsfond forvalta av omstillingsstyret i samsvar med avtale inngått mellom Askvoll kommune og fylkeskommunen ved oppstart av omstillingsarbeidet.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune reknar 2013 som Lærdal sitt første omstillingsår. Fylkeskommunen gjev **Lærdal kommune** omstillingsstatus for åra 2016, 2017 og 2018.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Lærdal kommune** ei løyving på inntil 3 000 000 kr til omstillingsarbeidet i 2016. Unyttta omstillingsmidlar frå tidlegare års løyvingar vert godkjent overført til bruk i 2016.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev **Hyllestad kommune** ei løyving på inntil 850 000 kr til eit pilotprogram innafør områda samfunnsentreprenørskap, kommunikasjon og lokalt identitets- og samfunnsutviklingsarbeid. Programmet skal sikre at arbeidsmetodar og utviklingsverktøy nytta i omstillingsperioden vert vidareutvikla og tilpassa framtidig bruk i utviklinga av kommunen og næringslivet. Tilskotet omfattar også ein forstudie på området velferdsteknologi.
5. Midlane i punkt 1,3 og 4 vert dekkja slik: 5 300 000 kr vert dekkja med avsette budsjettmidlar for 2016, tenesteområde 7015 Nyskaping. 350 000 kr vert dekkja med omstillingsmidlar som fylkeskommunen har disponible frå tidlegare år.

Vilkår for omstillingsløyvinga

- Det skal leggjast vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta. Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP – prosjektlederprosessen) skal nyttast i alle prosjekt
- All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentleg støtte til næringslivet
- Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

\*\*\*\*\*

Aleksander Øren Heen gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

-----

**SAK 12/16 Forprosjekt - Strategi for lokalitetstilpassa blåskjelproduksjon i Sogn og Fjordane**

**VEDTAK:**

- 1 Føresetnadane for produksjon av matskjel har endra seg, m.a. lokalisering av eigne matskjellokalitetar i Dalsfjorden, underdekning av blåskjel i ein veksande marknad, høg salspris til produsent og eit etablert og velfungerande mottaksapparat. Dette gjer det aktuelt å teste ut ny produksjonsmetode for blåskjel basert på dei gode føresetnadane vi har i fylket.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune vil finansiere forprosjektet «Strategi for lokalitetstilpassa blåskjelproduksjon i Sogn og Fjordane» gjennom Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Det vert løyvd kr. 300 000 til dette føremålet. Fylkesdirektøren for næring set nærmare vilkår i eige tilskotsbrev.

-----

**SAK 13/16 Stiftinga REKOMP - omgjering av vedtekter**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppmodar styret for stiftinga REKOMP om å endre vedtektene slik at det vert tilstrekkeleg med 3 styremedlemer og at 2/3 fleirtal blant styremedlemene kan gjere endringar i vedtektene eller be om oppløysing av stiftinga.

-----

**SAK 14/16 Høyring av forslag til innretning på havbruksfondet.**

**VEDTAK:**

1. Departementet har lagt opp til ei brei og grundig offentleg høyring av korleis eit Havbruksfond skal innrettast.
  2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser ikkje noko problem med at fordelingsnøkkel for utdeling av inntektene frå Havbruksfondet vert fastsett sentralt av departementet, og ikkje regionalt.
  3. Fylkeskommunen ser at den kommunale planlegginga og tilrettelegging for nye areal til oppdrettsverksemd kan vere ein flaskehals for vidareutvikling av oppdrettsnæringa i fylket. Det er kommunane som har det viktigaste rolla som arealplanleggarar, og Sogn og Fjordane fylkeskommune står difor Departementet sitt framlegg om fordeling mellom fylkeskommunar og kommunar; 70 prosent til kommunane og 10 prosent til fylkeskommunane (20 prosent til staten).
  4. Som utbetalingsmodell meiner Sogn og Fjordane fylkeskommune tal på det fysiske arealbeslaget er den modellen som i størst grad vil stimulere kommunane til å planlegge for nye og *større* akvakulturområde. Eit problem med eksisterande arealplanar er at akvakulturområda er for små, og at det må søkjast dispensasjon i veldig mange saker ved endring eller utviding av anlegg.
  5. Ein utbetalingsmodell basert på lokalitets MTB vil òg vere rettvis i den forstand at kommunar med stor oppdrettsaktivitet får størst inntekter frå fondet. Men vi vil peike på at kommunane si rolle er å planlegge sjøarealet, dei har ingen reell påverknad på kor stor produksjonskapasitet det blir gitt løyve til på den enkelte lokalitet (lokalitets MTB).
  6. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner kommunane må få utbetalt sin del av fondet så snart pengane er innbetalt; direkte utbetaling annakvart år. Fordi det sikrar kommunane sitt handlingsrom til å disponere egne inntekter frå fondet.
  7. Vi meiner insentiveffekten er tilstrekkeleg ivaretatt om fondet vert fordelt fullt ut etter fysisk arealbeslag eller eksisterande lokalitets MTB. Ei problemstilling departementet ikkje har diskutert, er om kommunar som per i dag har, eller i framtida vil få, store areal definert som «branngater» burde bli tilgodesett på eit eige vis.
- 

**SAK 15/16 Høyring: Heva kvotetak i kystflåten over 11 meter**

**VEDTAK:**

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune ber departementet om at kvotetaket ikkje vert heva før fylkesbindingane er oppheva.
- 2 Hausten 2016 vert det levert eit dokument frå eit ekspertutval som er oppnemnt at Nærings- og fiskeridepartementet. Dersom problemstillinga med heva kvotetak ikkje vert godt nok drøfta her bør det setjast ned eit utval der ein ser på konsekvensane av ei strukturering i fiskeflåten, der ein både ser på behov og ringverknadar.

**SAK 16/16 Politisk representant til nettverk Kystskogbruket**

**Frå fylkesdirektøren for næring låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren for næring rår hovedutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Som politisk representant for fylkeskommunen sitt Nettverk for Kystskogbruket vert valt...

**Endringsframlegg:**

Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg:  
Erlend Haugen Herstad, Sp

**Avrøysting:**

Samrøystes vedtak

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Som politisk representant for fylkeskommunen sitt Nettverk for Kystskogbruket vert valt: Erlend Haugen Herstad, Sp

**SAK 17/16 Singerheimen - Val av styremedlemer**

**VEDTAK:**

Som styremedlemer til Stiftinga Singerheimen vert valde:

1. Styremedlem: Åsne Folstad  
Vara: Jon Olav Kvamme
2. Styremedlem: Stig Vattekar  
Vara: Ingeborg Lysne Mcevoy
3. Styremedlem: Yngve Brakstad  
Vara: Jakob Andre Sandal
4. Styremedlem: Jostein Fredheim

Vara: Anne Margrete Tonning

5. Styremedlem: Margunn Skarstein  
Vara: Ingfrid Dårflot

Oppnemninga gjeld for perioden 2016 – 2019.

---

**SAK 18/16      Skriv og meldingar - Hovudutval for næring og kultur  
02.02.2016**

**Hovudutvalet tok følgjande skriv til orientering:**

1. Statsbudsjettet for 2016. Vedkommande overføring av festivaler til Kulturfondet
2. Svar - Innspel til kandidater - Innovasjon Norges hovedstyre
3. Orientering og førespurnad om deltaking under Nor-Fishing 2016. Interesserte medlemmer i utvalet tek kontakt med leiar for nærmare avklaring/påmelding
4. Høyring - forslag til regelverksendring for regulering av landbasert oppdrett
5. Etablerarkurs 2016

Muntleg orientering

Leiar Karen Marie Hjelmesæter:

- o Møte med Randi Før Sund om filmen «Hevnen». Før Sund vert invitert til eit seinare møte i utvalet for å orientere om vidare planar
- o Møte med representantar for EM i vektløfting – søknad om midlar kjem
- o Møte i fagopplæringsnemnda 15. mars

Fylkesdirektørane:

- o Neste møte i hovudutval for næring og kultur den 15. mars vert på Eid
- o Det vart stilt spørsmål om det er mogleg å flytte møte i hovudutval for næring og kultur den 12. mai til 13. mai
- o Todagarsmøte 20.- 21. juni vert lagt til Gulen
- o Invitasjon til deltaking på konferanse og opning av folkemusikkfestivalen torsdag 7. juli

---

**SAK 19/16      Innlegg til melding om jordbrukspolitikken**

**Frå fylkesdirektøren for næring låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane har følgjande innspel til melding om jordbrukspolitikken:

- a. Det er behov for forskning og utvikling innan grovførproduksjon slik at ny teknologi og kunnskap kan bidra til meir effektiv husdyrhald.
- b. Investeringsstøtta til driftsbygningar må aukast kraftig om mjølkeproduksjon og produksjon av kjøtt frå storfe skal oppretthaldast i tråd med nye retningslinjer frå 2024.

**Endringsframlegg:**

Aleksander Øren Heen, Senterpartiet sette fram slikt framlegg til endring i punkt 1 b, siste linje, ny tekst etter ordet oppretthaldast:

..jamfør nye retningslinjer frå 2024 med krav om lausdrift for storfe.

**Avrøysting:**

Endringsframlegget frå Aleksander Øren Heen vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedteken endring vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane har følgjande innspel til melding om jordbrukspolitikken:
  - a. Det er behov for forskning og utvikling innan grovførproduksjon slik at ny teknologi og kunnskap kan bidra til meir effektiv husdyrhald.
  - b. Investeringsstøtta til driftsbygningar må aukast kraftig om mjølkeproduksjon og produksjon av kjøtt frå storfe skal oppretthaldast, jamfør nye retningslinjer frå 2024 med krav om lausdrift for storfe.

-----

**SAK 20/16      Innspel til jordbruksforhandlingane 2016**

**Frå fylkesdirektøren for næring låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutvalet sitt hovudinnspele til jordbruksforhandlingane 2016 er at jordbruksoppgjere må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane er:
  - a. At det samla sett vert teke omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom bruka og store avstandar til marknad og omsetning.
  - b. Styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovførbasert produksjon av storfekjøtt, lammekjøtt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
  - c. Styrking av nasjonale og regionale løyvingar til investeringar.
  - d. Innføring av rentefritt investeringslån til erstatning for dagens rentestøtteordning.
  - e. Utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.
  - f. Innføring av nydyrkingstilskot.
  - g. Halde fast på dagens regioninndeling for omsetning av mjølkekvotar.

**Endringsframlegg:**

Arve Mjømen, Høgre sette fram slikt framlegg:

Nytt pkt g istadenfor punkt g i tilrådinga frå fylkesdirektøren:  
Vurdere ei oppmjuking av dagens regioninndeling for omsetning av mjølkekvoter.

Nytt punkt h: SMIL-midlar bør omdisponerast til anna virkemiddel i landbruket.

**Avrøysting:**

Punkt 1 i tilrådinga vart samrøystes vedteke.  
Punkt 2a – f i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt over punkt 2g. Tilrådinga frå fylkesdirektøren fekk 5 røyster og vart dermed vedteke. Høgre og Framstegspartiet røysta imot.

Framlegg frå Arve Mjømen til eit nytt punkt h fekk 3 røyster (Høgre og Framstegspartiet) og vart dermed forkasta.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Hovudutvalet sitt hovudinnspele til jordbruksforhandlingane 2016 er at jordbruksoppgjere må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane er:
  - a. At det samla sett vert teke omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom bruka og store avstandar til marknad og omsetning.
  - b. Styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovførbasert produksjon av storfekjøtt, lammekjøtt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
  - c. Styrking av nasjonale og regionale løyvingar til investeringar.
  - d. Innføring av rentefritt investeringslån til erstatning for dagens rentestøtteordning.
  - e. Utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.
  - f. Innføring av nydyrkingstilskot.
  - g. Halde fast på dagens regioninndeling for omsetning av mjølkekvotar.

-----